

SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

ENDRING AV SIM SIN SELSKAPSAVTALE

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Arkivsak : 17/664 -
Arkivkode: 570

... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

- Vedlegg:**
1. Oversendingsbrev frå SIM IKS med tilhøyrande vedlegg dagsett 09.10.17
 2. Utskrift av saksframlegg til representantskapet i Sim IKS, sak 09.17

SAKSUTGREIING:

I oversendingsskrivet frå SIM IKS vert det bede om at eigarkommunane gjev si tilslutning til endra §§ 4 og 13 i selskapet sine vedtekter. Det vert vidare bede om at kommunane gjer vedtak om samla godkjenning av noverande selskapsavtale då nokre kommunar ikkje har gjeve formell tilslutning til endringa som vart føreslege i 2011.

Endringar frå representantskapsmøte 2017

Det er gjort framlegg om endring av § 4, her er det snakk om å få inn eitt nytt punkt under selskapets føremål: *Å bidra til miljøtiltak i eigarkommunane*. Endringa har sin bakgrunn i representantskapsvedta i sak 09/17 der det vert lagt opp til å oppretta eit miljøfond etter sal av næringselskapa. Vedlagt denne saka ligg saksførebuinga Sim hadde til representantskapet sin i denne saka. Rådmannen vurderer at det er positivt at Sim IKS legg til rette for å nytta miljøfondet i ein litt vidare forstand enn kva dagens vedtekter legg opp til.

Det vert vidare gjort framlegg om endring av § 13 som vil gje selskapet høve til å låna opptil kr. 30. mill. Dette har sin bakgrunn i at ei utbetaling av miljøfondet reduserer eigenkapitalen det bør difor tillatast større låneopptak. Ved auka låneramme i § 14, må ein etter lov om interkommunale selskap § 3 leggja til grunn at kommunane sitt deltakaransvar aukar tilsvarande¹. Konsekvensane av dette er ikkje utgreidd av SIM. Tysnes kommune har etter § 6, pkt. 6.2 eit deltakaransvar tilsvarande 4,7 % Rådmannen meiner at SIM burde utgreidd dette i si oversending, men har elles ikkje merknader til endringa slik den ligg føre i framlegget.

Endringar frå 2011

¹Lov om interkommunale selskap § 3: Den enkelte deltaker hefter ubegrenset for en prosent- eller brøkdel av selskapets forpliktelser. Til sammen skal delene utgjøre selskapets samlede forpliktelser. Den enkelte deltakers ansvar for selskapsforpliktelser svarer til deltakerens eierandel i selskapet med mindre annet fremgår av selskapsavtalen.

Tysnes vare ein av kommunane som ikkje godkjente endringar i selskapsavtalen slik desse vart lagt fram i 2011. Tysnes kommune gjorde i 2012 vedtak om å utsetja saka og ba om at kontrollutvalet gjennomførte ein selskapskontroll av selskapet.

Dei fleste andre kommunane godkjente endringane i 2011 med unntak av føreslegne endringar i § 4 *Føremål*, § 5 *Selskapet sine oppgåver* og § 13 *Låneopptak*.. Det var i hovudssak desse føresegnene Tysnes kommune også hadde merknad til, då i særskilt grad §§ 4 og 5, når desse ikkje vart vedtekne og me har handsama endring av § 13 etter framlegg i 2017 kan ikkje rådmannen sjå at me skulle ha motsegn til føresegnene slik dei ligg føre som vedlegg til saka. Vedlegg 5 i SIM si oversending gjev ein god gjennomgang av dei føreslegne vedtektsendringane.

... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Tysnes kommune godkjenner endringar i Selskapsavtale for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) slik den dei ligg føre i oversending av 9. oktober 2017.

::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)